

Christine

SKYSSHANDBOK

med reglement for grunnskolen

skoleåret 2010 / 2011



Innleiing

I samband med det nye skoleåret har samferdselsavdelinga utarbeida ei revidert utgåve av skysshandboka for elevar i grunnskolen som blir gjeldande for skoleåret 2010/2011.

Skysshandboka gir informasjon om reglar og rutinar for skoleskyss og er meint som eit oppslagsverk.

Spørsmål om reglar eller rutinar i samband med skoleskyss skal rettast til samferdselsavdelinga.

Skysshandboka er delt inn slik:

DEL 1:

Rutinar og tidsfristar i samband med skoleskyss.

DEL 2:

Skyssreglementet og kommentarar til dette. Reglementet inneheld alle dei sentrale retningslinjene om kven av og til kva tid elevane har rett på skoleskyss. Det fylkeskommunale reglementet er sitert heilt ut og er skrive i *kursiv*. Kommentarar til reglementet og praktisering av dette står under kvart av punkta. Sitat frå opplæringslova og korrespondanse frå departementet er presisert.

DEL 3:

Skjema som skal nyttast i skyssordninga er lagt ved til slutt i skysshandboka. I tillegg er skjema tilgjengeleg på www.hordaland.no/skoleskyss.

VIKTIG :

Hordaland fylkeskommune har etablert ein eining for kollektivtransport med namnet Skyss. Skyss vil i framtida vere kontaktstad for skoleskyss i dei tilfella det tidlegare har vore naturleg å kontakta det lokale rutelaget. Endringane skjer områdevis, og i takt med inngåing av nye avtaler om kollektivtrafikk etter anbod og innføring av nytt billetteringssystem.

Sjå www.skyss.no for nærare informasjon.

Innhald:	
Innleiing	1
Innhald:	2
Del 1: RUTINAR OG TIDFRISTAR	3
Vedtaksmynde	3
Søknadar	3
Tidsfristar	3
A) Søknad/ bestilling	4
Ved varig funksjonshemming/varig skyss:	4
Mellombels skyss:.....	4
B) Legeerklæring / sakkyndig uttale	4
DEL 2: SKYSSREGLEMENT MED KOMMENTARAR	6
1. Lovheimel	6
2. Kva gir rett på fri skoleskyss?	8
2.1 Avstand mellom heim og skole.....	8
Opplæringslova § 7-1:	8
2.2 Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg... ..	8
2.3 Båtskyss	9
Opplæringslova § 7-1:	9
2.4 Obligatorisk utplassering utanfor skolen .	9
3. Skyss for elevar med varig funksjonshemming / mellombels skade	10
3.1 Generelle reglar	10
3.2 Eleven sine rettar og plikter i samband med individuelt tilrettelagt skyss	10
4. Skyssrett for særskilte elevgrupper	11
4.1 Skyss til private grunnskolar.....	11
Privatskolelova § 3-7:	11
4.2 Vaksne med rett til opplæring.....	11
5. Skyss til skolefritidsordning - SFO	12
5.1 Generelle reglar	12
5.2 Elevar med spesialpedagogisk undervisning i skolefritidsordninga	12
6. Særskilt skyss	12
6.1 Generelle reglar.....	12
6.2 Godtgjering for privat skyss.....	13
7. Eleven sin heim	14
7.1 Bustadadresse.....	14
7.2 Delt bustad:	14
Skoleskyssreglementet:	14
7.3 Barn i asylmottak.....	14
7.4 Elevar i fosterheim.....	14
7.5 Elevar i avlastning	15
7.6 Elevar med fleire bustader i løpet av eitt år.....	15
8. Eleven sin skole	16
8.1 Nærskolen	16
8.2 Skoleval	16
8.3 Skyss til andre skolar enn eleven sin nærskole.....	16
8.4 Mellombels undervisning i andre lokale enn skolen	16
8.5 Undervisning fleire stader.....	16
9. Skysstandard	17
9.1 Planlegging av skyss.....	17
9.2 Akseptabel gangavstand til transportmiddel.....	17
9.3 Akseptabel reisetid	17
9.4 Reisefølgje og tilsyn	18
10. Reglar for bruk av skolereisekort	18
10.1 Generelle reglar.....	18
10.2 Tap av skolereisekort	18
11. Informasjonsplikt	19
12. Om vedtak og klagerett	19
13. Økonomisk ansvar	19
13.1 Fordeling mellom fylke og kommune... ..	19
DEL 3: SKJEMA SOM SKAL NYTTAST	20
Eigne kommentarar:	20

Del 1: RUTINAR OG TIDSRISTAR

Vedtaksmynde

Fylkeskommunen er i følge opplæringslova ansvarleg for skoleskyss for elevar i grunnskolen og har vedtaksmynde i slike saker. Dette gjeld ikkje skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg under 2/4 km. I slike saker har kommunen vedtaksmynde.

I praksis blir vedtaksmynda fordelt slik:

Kommunen fattar vedtak i saker vedkommande

- ordinær skoleskyss
- ordinær skoleskyss ved delt omsorg
- ordinær skoleskyss til funksjonshemma elevar under 2/4 km
- søknad om mellombels skoleskyss på grunnlag av legeerklæring
- særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, og avstand under 2/4 km
- skyss av førskolebarn som får spesialpedagogisk opplæring i barnehagen skyss til/frå språkbase

Fylkeskommunen fattar vedtak i saker vedkommande

- særskilt skyss/individuell tilrettelagt skyss
- særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, og avstand over 2/4 km. Dette gjeld og når ein sidevegskyss er under avstandsgrensa og søknad om skyss er grunngeve med farleg skoleveg til oppsamlingsplass.

Søknadar

Vedtak om skoleskyss gjeld for inntil eitt skoleår om gangen. Dette medfører at alle elevar, også funksjonshemma, må søkje om skyss kvart skoleår. Mellombels skoleskyss gjeld for den perioden som er oppgitt i legeerklæringa, men samanhengande maksimalt 8 veker.

Søknaden skal sendast til den instans som skal fatte vedtak i saka, jf. ovanfor. Søknader til fylkeskommunen og bestilling av mellombels skyss skal sendast via internett. Internettsida kor ein søker om skyss finst på www.hordaland.no/skoleskyss.

Dersom det er 5 elevar eller fleir i same skyssopplegg treng ein ikkje søkje via internett for kvar enkelt elev. I staden kan desse settast opp på ein liste som vert sendt til Skyss, på eget skiljeark i Excel-skjemaet for innmelding av skoleskyss.

Mellombels skyss

Under føresetnad av at det ligg føre legeerklæring som stadfester behovet for mellombels skyss i ein nærmare definert avgrensa periode, men maksimalt i 8 veker samanhengande, skal søknaden innvilgast og transport bestillast av skolen/kommunen. **Legeerklæringa skal sendast inn til samferdselsavdelinga umiddelbart.** Samferdselsavdelinga skal kontaktast dersom eit skyssopplegg vert svært kostnadskrevjande.

Tidsfristar

For ordinær skoleskyss (buss):

1. februar: Skolen/kommunen sender inn skoleruta til Skyss.

1. juni: Skolen/kommunen sender inn bestilling på skolereisekort og timeplanar til Skyss.

NB!

Ved endring av start- og sluttider/timeplan ved skolen, må dette meldast frå snarast. Dette for å sikre elevane eit godt skyssstilbod.

Særskild skyss grunna funksjonshemming eller manglande kollektivtilbod

Skolen skal normalt melde inn skyssbehovet til fylkeskommunen innan 15. juni.

Dersom skolen får ein ny funksjonshemma elev som treng skyss må det søkjast om dette snarast.

Forsytarskyss/privat skyss

Søknadsfristen er 1 måned etter skolestart.

Godkjente søknader som kjem innan søknadsfristen vil gjelde frå skolestart. Søknader som kjem etter fristen og som blir godkjent vil først få godtgjering frå den datoen søknaden er registrert sendt av søker.

Det er difor sær s viktig at skolane overheld informasjonsplikta om rettane til skoleskyss.

Rutinar for særskild skyss

A) Søknad/ bestilling

Ved varig funksjonshemming/varig skyss:

Søknad om skyss på grunn av varig funksjonshemming skal sendast via skolen/kommunen til samferdselsavdelinga. For å vere sikker på at skyssen er klar frå første skoledag må søknaden sendast innan 15. juni. Søknad om særskild skyss skal gjerast via søknadsside på internett. Web-sida kor ein søker finn ein på www.hordaland.no/skoleskyss. Legererklæring skal leverast til skolen, som registrerer den i datasystemet og vidare sender til samferdselsavdelinga.

Når skyssen er godkjent sender fylkeskommunen bestilling til transportør. Fylkeskommunen sender refusjonskrav til kommunen for persontakst på strekninga. Fylkeskommunen sender refusjonskrav til kommunen for persontakst på den aktuelle strekninga heim – skole.

Mellombels skyss:

Under føresetnad av at det ligg føre legererklæring som stadfester og tidsavgrensar behovet for skyss har den ein skilde skole/kommune fullmakt til å behandle slike søknader sjølv. Søknaden skal sendast inn til skolen elektronisk via søknadsside på internett, som ein finn på www.hordaland.no/samferdsel. Legererklæring skal leverast til skolen, som registrerer denne i datasystemet og vidare sender den til samferdselsavdelinga. Etter at skolen/kommunen har innvilga mellombels skyss må skolen/kommunen sende bestilling til den ein skilde transportør. Bestillinga blir sendt elektronisk via denne internettsida, og må vere transportør i hende innan kl. 12 dagen før skyssen skal ta til. Transportør skal sende faktura direkte til fylkeskommunen.

Innlevert legererklæring i samband med søknad om mellombels skoleskyss skal sendast til samferdselsavdelinga umiddelbart.

Skolen/kommunen si avgjerdsmynde med omsyn til mellombels skoleskyss er avgrensa til skyss i maksimalt 8 veker samanhengande. Søknad om mellombels skyss som overstig 8 veker skal behandlast på same måte som søknad om varig skyss.

Opphald ved spesialskolar for kortare periodar, til dømes Hunstad skole, blir ikkje rekna som mellombels skyss som skolane sjølv kan bestille. Søknad om slik skyss må sendast til fylkeskommunen.

Privat skyss:

I dei tilfella det blir innvilga privat skyss skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gang pr. halvår. Skjema 6 "Refusjon av utgifter til skoleskyss" skal nyttast. Skolen/kommunen skal attestere for opplysningane i refusjonskravet. Eventuelle kvitteringar skal leggjast ved.

B) Legererklæring / sakkyndig uttale

Til sakkyndig uttale skal skjema 13 "Legererklæring" nyttast. Det er berre signert og stempla uttale frå fastlege eller spesialist som blir rekna som sakkyndig uttale. Dersom eleven går til psykologisk behandling blir også signert og stempla uttale frå behandlande psykolog rekna som sakkyndig uttale. Uttale frå PPT blir ikkje rekna som sakkyndig uttale – men PPT kan kome med tilleggsuttale som kan bli vektlagt i samband med vurderinga.

Legeerklæringa/erklæringa frå psykolog må innehalde følgjande opplysningar:

- ♦ Diagnose med grunngjeving for kvifor eleven treng skyss
- ♦ Kva slags type skyss eleven treng (buss, forsytskyss/privatskyss, drosje eller liknande)
- ♦ Tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månadar, år).

Dersom skolen/kommunen er usikker på om legeerklæringa/erklæringa frå psykolog gir rett på t.d. skyss med drosje, skal samferdselsavdelinga kontaktast. Den fylkeskommunale legenemnda bestående av spesialistar innan allmenmedisin vil vurdere legeerklæringa.

For meir informasjon sjå brosjyren "Individuelt tilrettelagt skyss, elevane sine rettar og plikter".

DEL 2: SKYSSREGLEMENT MED KOMMENTARAR

1. Lovheimel

Opplæringslova § 13-4 – ansvar for skoleskyss

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen er ansvarleg for å oppfylle retten til skyss av førskolebarn etter § 7-6. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skoleskyss for elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn 4 km frå skolen. Skyssgrensa er 2 km for elevar i 1. klasse. Kommunen skal betale refusjon etter billettakst (opplæringslova §7-1).

Fylkeskommunen sitt skyssansvar omfattar også skyss av elevar med varig funksjonshemming og skyss av elevar med mellombels skade eller sjukdom uavhengig av avstand (opplæringslova § 7-3) . Avgjerdsmynda for elevar som treng skyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom er delegert til den einskilde skole/kommune, men slik at det berre kan innvilgast skyss når det ligg føre legeerklæring som stadfestar behovet for skyss. Avgjerdsmynda er dessutan avgrensa til den perioden som er definert i legeerklæringa og berre for søknader som gjeld i maksimalt 8 veker samanhengande. Søknader om mellombels skyss som varer i meir enn 8 veker samanhengande skal behandlast på same måte som søknad om varig skoleskyss. Det same gjeld dersom ein mellombels skyss blir forlenga utover 8 veker.

Kommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim–skole er under 2/4 km. Kommunen har etter same regel ansvar for å oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for barnehagebarn, grunnskoleelevar og vaksne (opplæringslova § 13-4).

Fylkeskommunen skal organisere skyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skyssen skal organiserast og finansierast kan saka bringast inn for fylkesmannen si utdanningsavdeling for avgjerd.

Kommunane har plikt til å samarbeide om skyssen. I dette ligg m.a. at kommunane skal ta med organisering av skoleskyssen i vurderingane når timeplan og skolerute for grunnskolen skal fastleggast.

Skoleskyss blir rekna som den daglege transporten mellom heim og skole til skolen sine start- og sluttider. Eleven har rett til ein tur og ein retur pr. dag mellom heim og skole. Godkjenning av skyss gjeld for maksimalt 190 skoledagar i løpet av skoleåret innanfor kommunegrensa dersom ikkje anna er presisert. Unntaket er t.d. dersom eleven har spesialundervisning. Skyss kan då godkjennast utover 190 skoledagar. Det er kommunen som fattar vedtak om skyss utover 190 skoledagar og som er økonomisk ansvarleg for slik skyss. Kommunen fattar vedtak om ordiner skoleskyss i samband med delt omsorg.

KOMMENTAR:

Skyssretten gjeld mellom eleven sin heim og eleven sin nærskole. Skyss i samband med ekskursjon eller undervisning som blir lagt andre stader enn skolen sitt geografiske område fell utanfor skyssretten. Det same gjeld skyss til andre skolar enn nærskolen – til dømes i samband med fritt skoleval. Fylkeskommunen er ikkje ansvarleg for den type skyss. Unnatak frå dette, sjå pkt 8.3.

I følgje opplæringslova har fylkeskommunen vedtaksmynde i alle saker om skoleskyss med unntak av skyss på grunn av farleg skoleveg når avstand mellom heim og skole er under 2/4 km. I praksis er arbeidet fordelt etter forvaltningsprinsippet "den som betaler tek avgjerda". Det er såleis eit unnatak frå dette prinsippet at skolen/kommunen har avgjerdsmynde til å innvilge søknader om mellombels skoleskyss.

Avgjerder om skoleskyss fordelt slik:

fylkeskommunen tar avgjerd i følgjande saker:

- rett til skyss når det er nødvendig med særskilt skyssordning (moped, privat bil, drosje)
- rett til skyss pga. særleg farleg skoleveg, når avstand mellom heim og skole er over 2/4 km
- søknad om særskilt skoleskyss utover 8 veker på grunn av sjukdom eller skade.
- særskilt skyss ved delt omsorg

kommunen tar avgjerd i følgjande saker:

- rett til skyss ved bruk av ordinært rutetilbod
- rett til skoleskyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom i inntil 8 veker samanhengande
- rett til skyss pga. særleg farleg skoleveg, når avstand heim – skole er under 2/4 km
- rett til skyss for barn under skolepliktig alder
- rett til skyss utanom skolen sin start- og sluttid
- rett til skyss i samband med fritt skoleval
- ordinær skyss ved delt omsorg
- ordinær skyss ved funksjonshemming og avstand under 2/4 km

2. Kva gir rett på fri skoleskyss?

2.1 Avstand mellom heim og skole

Opplæringslova § 7-1:

Elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Skoleskyssreglementet:

Skyssgrensa for 1. klassingar er 2.000 meter. Tilsvarande grense for 2. – 10. klassingar er 4.000 meter. Ved oppmåling av avstand gjeld fylkeskommunen sitt digitale geografiske kart.

Avstanden blir målt langs den kortaste "farande veg" mellom heim og skole. Private oppmålingar blir ikkje vektlagt.

KOMMENTAR:

Avstandsgrensa på 2.000 meter og 4.000 meter er absolutt. Det er såleis ikkje rom for å utøve skjønn med omsyn til avstanden. Ved oppmåling av avstand nyttar fylkeskommunen digitale geografiske kart. For å gjere oppmålingar av avstand nyttar samferdselsavdelinga elektroniske kart (GIS) og programmet ArcView/Network Analyst. Når dei to aktuelle punkta (heim og skole) er fastsett er målinga nøyaktig med eit slingringsmonn på +/- 25 meter. For å "plassere" eleven sin heim på kartet nyttar ein gards- og bruksnummer (GAB-punkt). Desse opplysningane kjem frå Folkeregisteret.

Kartgrunnlaget kjem frå Statens Kartverk og målemetoden er godtatt av fylkesmannen ved utdanningsavdelinga.

Private oppmålingar med bil blir ikkje vektlagt i denne samanhengen.

Med gangbare – og farande vegar meines vegar som ikkje er skilta forbode for gåande som til dømes motorveg og tunnelar. I tillegg til offentleg veg, blir også gangveggar og private vegar som er open for ferdsel rekna som farande veg. Veger som ikkje blir lagt til grunn er private veger stengt for allmenn ferdsel, trase over utmark og stiar og tråkk med dårleg framkomst. Private veger som er sperra eller merka med skilt, eller på annan tydeleg måte framstår som ikkje open blir ikkje rekna som farande eller gangbar veg.

Heim - skole: Kortaste gangbare veg mellom heim og skole rekna frå dør til dør blir lagt til grunn for vurderinga av avstand mellom heim og skole. Dersom skolen har fleire inngangsdører blir avstanden målt til hovudinngangsdøra på skolen, eller den døra det er naturleg for eleven å nytte

2.2 Særleg farleg eller vanskeleg skoleveg

Opplæringslova § 7-1:

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevar under skoleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på tilhøve som gjeld den einskilde elev, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Opplæringslova § 13-4:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg.

Skoleskyssreglementet:

Kommunen har avgjerdsmynde i saker om fri skoleskyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim og skole er under 2/4 km.

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i saker om særskilt skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg når avstanden heim - skole er over 2/4 km. Fylkeskommunen vil i desse tilfella gjere ei vurdering om heile eller deler av skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg.

KOMMENTAR:

Dersom avstand heim – skole er under 2/4 km: Søknad skal sendast til skolen/kommunen.

Dersom avstand heim – skole er over 2/4 km: Søknad skal sendast til samferdselsavdelinga.

Strekninga må vurderast som **særleg** farleg eller vanskeleg ut frå både objektive og subjektive vilkår. Dei objektive vilkåra relaterer seg til vegstandard og trafikale tilhøve, medan dei subjektive vilkåra relaterer seg til tilhøve ved den einskilde elev, t.d. alder og utvikling. Ved avstandar over 2/4 km mellom heim og skole har ein rett på gratis skoleskyss med bakgrunn i avstand til skolen. Hovudregelen er då at ein får busskort og må følgje rutebuss. Det kan likevel tenkast at særskild skyss kan vere aktuelt, til dømes med særleg farleg eller vanskeleg skoleveg til haldeplassen.

2.3 Båtskyss

Opplæringslova § 7-1:

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båtskyss utan omsyn til reiselengda.

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i saker vedkomande privat båtskyss (opplæringslova § 13-4).

KOMMENTAR:

Søknad om privat båtskyss skal sendast via skolen/kommunen til samferdselsavdelinga som tar avgjerd i saka.

2.4 Obligatorisk utplassering utanfor skolen

Skoleskyssreglementet:

Elevar som er utplassert utanfor skolen som eit ledd i spesialundervisning eller som eit ledd i den obligatoriske undervisninga har rett til fri skoleskyss mellom heim og opplærings-/arbeidsplass når vilkåra for skoleskyss er oppfylt.

3. Skyss for elever med varig funksjonshemming / mellombels skade

3.1 Generelle regler

Opplæringslova § 7-3:

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Skoleskyssreglementet:

Elevar med varig funksjonshemming eller mellombels skade har rett til fri skoleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skole. Skyssbehovet må dokumenterast med legeerklæring eller uttale frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde ei skildring av skyssbehovet (buss, privat bil, drosje) relatert til sjukdommen/funksjonshemminga og kva periode det er nødvendig med skyss. I særskilte tilfelle kan fylkeskommunen be om vurdering utover dette, til dømes av PP-tenesta.

Det er berre i dei tilfella der det er dokumentert at eleven på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte busstransport at tilrettelagt skyssordning blir innvilga.

Den fylkeskommunale legenemnda vurderer eleven sitt transportbehov på medisinsk grunnlag. Innsend legeerklæring blir lagt til grunn for legenemnda si vurdering.

Fylkeskommunen har avgjerdsmynde i slike saker.

Kommunen har det økonomiske ansvar for følgjeperson.

3.2 Eleven sine rettar og plikter i samband med individuelt tilrettelagt skyss

Skoleskyssreglementet:

Elevar har rett på skyss til skolen si start- og sluttid.

Kommentar: Elev/føresette/skole gjer avtale med transportøren om hentetider. Eleven må vere klar til avtalt tid. Funksjonshemma elev som treng tilsyn skal aldri etterlatast aleine.

Etter opplæringslova er kommunen ansvarleg for nødvendig tilsyn eller reisefølgje i samband med skyssen.

Eleven har ikkje rett til å hentast til uregelmessige tider eller stader utanfor skolen sitt geografiske område, – til dømes i samband med kinodag, ekskursjonar eller liknande.

Transport mellom skolen og medisinsk behandling er ikkje å rekna som skoleskyss. Dette er helseforetaka sitt ansvarsområde.

Henting utanom fastsette hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova. Kommunen/føresette er ansvarleg for slik skyss.

All skoleskyss er samordna. Dette gjeld også den individuelt tilrettelagte skyssen. Dette medfører at eleven kan få opptil 30 minuttar ekstra kjøretid pr. tur som følgje av slik samordning. Transportøren kan legge opp kjøreruta slik at eleven kjem til skolen inntil 15 minuttar før starttid og blir henta på skolen inntil 15 minuttar etter eleven si sluttid. Unntak frå dette kan gjerast ut frå dokumenterte medisinske årsaker.

4. Skyssrett for særskilte elevgrupper

4.1 Skyss til private grunnskolar

Privatskolelova § 3-7:

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7-1, første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7-2, første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7-3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7-4 om reisefølgje og tilsyn.

Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i frittståande grunnskolar (privatskolar) gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur.

Heimkommunen eller heimfylket til elevane gjer vedtak om skyss og dekkjer utgiftene etter reglane i opplæringslova § 13-4. Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale vedtak om skyss i grunnskolen.

Reglane i denne paragrafen gjeld ikkje opplæringstilbod som er spesielt organisert for vaksne.

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Opplæringslova §2-12, merknadar til Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1)

Elevar ved private grunnskolar med statsstøtte har rett til skoleskyss etter reglane i kap.2 under føresetnad av at skolen ligg i eleven sin heimkommune. Dersom skolen ligg utanfor eleven sin heimkommune har eleven berre rett på skoleskyss til kommunegrensa. Skyss frå kommunegrensa og til skolen må dekkjast av eleven sjølv.

Heimkommunen er økonomisk ansvarleg for persontakst mellom heim og kommunegrensa.

4.2 Vaksne med rett til opplæring

Opplæringslova § 4 A-7:

Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet. § 7-4 gjeld tilsvarende.

Kommunen skal innlosjere dei vaksne når dagleg skyss etter første og andre leddet ikkje er forsvarleg. Når det er nødvendig, gjeld tilsyn etter § 7-1 fjerde leddet tilsvarende.

Elles gjeld § 13-4 tilsvarende for dei pliktene som følgjer av denne paragrafen.

Skoleskyssreglementet:

Vaksne med rett til opplæring etter § 4 A-2 i opplæringslova har den same retten til skyss, reisefølgje, tilsyn og innlosjering som elevar i grunnskolen. Skyssgrensa er 4.000 meter i samsvar med § 7-1.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter kapittel 4 A.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde vedlike grunnleggjande dugleik har rett til slik opplæring. Denne gruppa av elevar som inngår i retten til grunnskoleopplæring for vaksne har ikkje skyssrett. Dette gjeld elevar som tidlegare har gjennomført grunnskolen, men som har behov for fornya opplæring, eventuelt berre i ein skilde fag.

5. Skyss til skolefritidsordning - SFO

5.1 Generelle regler

Opplæringslova §13-7:

Elevane har rett på fri skyss mellom heim og skole. Elevar har ikkje rett på skyss i samband med SFO. Det kan gjerast unntak for funksjonshemma elevar.

KOMMENTAR:

Elevane har som hovudregel rett på skyss til start- og sluttid på undervisninga. I særskilte tilfelle kan elevar likevel få skyss til/frå SFO. Dette gjeld funksjonshemma elevar, skyss som ikkje fører til ekstra skyss/meirkostnader for fylkeskommunen.

Døme: Ein elev har siste klassesstime kl. 1400, men er på SFO fram til kl. 1500. Dersom eleven kan samkøyrast med andre elevar etter skoletid kl. 1400, og må ha eigen drosje frå SFO klokka 1500, vil dette vere ein meirkostnad for fylkeskommunen. Dersom eleven ikkje kan samkøyrast kl. 1400, og det blir same kostnad for transportøren om eleven blir henta kl. 1400 eller kl. 1500, blir slikt skyssopplegg godkjent.

Fylkeskommunen sitt skyssansvar er avgrensa til skoleruta (190 skoledagar årleg). Skyss i samband med SFO på skolefrie dagar er kommunalt ansvar.

5.2 Elevar med spesialpedagogisk undervisning i skolefritidsordninga

Skoleskyssreglementet:

Elevar som i følgje enkeltvedtak, med heimel i opplæringslova, har fått innvilga spesialpedagogisk opplæring i skolefritidsordninga, har rett på skyss.

KOMMENTAR:

Det er ein føresetnad for godkjenning av skyss til/frå SFO at det er spesialpedagogisk personell i SFO i samband med undervisninga. For å ha skyssrett skal SFO-tilbodet vere gratis.

6. Særskilt skyss

6.1 Generelle regler

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Merknadar til Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1)

I særskilte tilfelle kan fylkeskommunen godkjenne særskilt skyssordning til/frå skolen.

Det er sett følgjande vilkår for å få innvilga særskilt skyss:

- ♦ manglande offentleg rutetilbod
- ♦ strekninga mellom heimen og offentleg skyssmiddel er over 1 km/2 km
- ♦ særleg farleg eller vanskeleg skoleveg
- ♦ behov for skyss grunna mellombels eller varig funksjonshemming

Særskilt skyss kan berre nyttast etter førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen og kan gjelde heile eller deler av skolevegen.

Eleven/føresette må søkje fylkeskommunen om særskilt skyss. Sjå side 3 om søknadsfristar. For søknader om privatskyss mottatt og innvilga etter søknadsfristen, blir godtgjering gitt frå den dato fylkeskommunen mottok søknaden.

Kommunen/skolen har plikt til å informere elevar/føresette om høve til å søkje om særskilt skyssordning som til dømes privat skyss. Den einskilde kommune/skole blir ansvarleg i saker der søknad om godtgjering med tilbakeverkande kraft kjem etter skolestart på grunn av manglande informasjon frå kommunen/skolen si side.

KOMMENTAR:

Søknad om særskilt skyss skal gjerast via internett. Web-sida kor ein søker finn ein på www.hordaland.no/skoleskyss. Det er viktig at felta er korrekt fylt ut. Ein del felt er obligatoriske, dvs at dei får ikkje sendt inn søknad utan at dei er fylt ut (tips: bruk søk-funksjonen der det er mogeleg).

Alle elevar som treng særskilt skyss må søkje på nytt kvart skoleår, sjølv om dei har fått godkjent skyss tidlegare. Legeerklæringar kan vare i inntil 5 år, og gyldighetsperioden må kome fram av legeerklæringa.

6.2 Godtgjering for privat skyss

Forskrift til opplæringslova § 10-2:

Eleven har rett til full skyssgodtgjering i dei tilfella fylkeskommunen ikkje gir tilbod om gratis skyss. Full skyssgodtgjering inneber at nødvendige faktiske skysskostnadene for eleven blir dekte. Val av transportmiddel skal avklarast med fylkeskommunen så snart som mogeleg etter at eleven har fått skoleplass. Kostnadane skal dokumenterast. Dersom det ikkje er mogeleg å avklare val av transportmiddel før skolen tar til, må fylkeskommunen likevel dekke eleven sine dokumenterte faktiske og nødvendige skysskostnader fram til slik avklaring skjer.

Ved bruk av privat bil, skal skysskostnadene bli dekte etter satsane for dekning av utgifter ved reise for undersøking og behandling, jf. forskrift av 11. mars 1997 nr. 211. Eventuelle nødvendige kostnader som er større enn det satsen dekkjer må dokumenterast. Slike kostnader kan mellom anna vere betaling av bompengar og ferjeturar.

Skoleskyssreglementet:

Dersom privat skyss blir godkjent får føresette i samsvar med forskrift til opplæringslova utbetalt refusjon av kostnader etter helseforetaka sine satsar jf. forskrift 11. mars 1997 nr. 211.

Alle utgifter utover kilometersats må vere dokumentert. Tilskot til nødvendige skyssutgifter blir gitt etter følgjande satsar:

<i>Eigentransport</i>	<i>kr. 2,00 pr. km.</i>
<i>Forsytarskyss</i>	<i>kr. 2,00 pr. km</i>
<i>Passasjertillegg</i>	<i>kr. 0,35 pr. km</i>
<i>Bompengar/ferjebillett/anna</i>	<i>i følgje kvittering</i>

Minstetakst for eigentransport og forsyntarskyss er kr. 50,- pr. tur, men avgrensa til ei tur/returreise pr. dag.

Dersom føresette kjører eins ærend får dei utbetalt godtgjering tur/retur.

Refusjon av reiseutgifter for faktisk utført skyss blir utbetalt etterskotsvis etter at skolehalvåret er avslutta.

KOMMENTAR:

Dei føresette skal sende refusjonskrav ved privat skyss på skjema 6 "Refusjon av utgifter til skoleskyss" til samferdselsavdelinga. Berre dokumenterte utgifter blir refundert.

Reglane i forvaltningslova gjeld med omsyn til saksbehandlingstid.

7. Eleven sin heim

7.1 Bustadadresse

Skoleskyssreglementet:

Eleven si innmeldte adresse blir rekna som eleven sin heim, jf. også punkt nedanfor om delt dagleg omsorg/bustad.

KOMMENTAR:

Elevar som mellombels bur andre stader, t.d. hos familie eller venner, har ikkje rett på skyss. Det kan gjerast unntak dersom opphaldet skuldast sjukdom eller liknande hos føresette.

Elevar må pårekna å ta seg fram ein viss avstand frå heimen til oppsamlingsplass for skyss (jf. reglar om skysstandard i pkt 9.2).

7.2 Delt bustad:

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Brev frå Utdanningsdirektoratet av 13.04.07.)

Ved delt bustad gjeld reglane om fri skoleskyss frå begge foreldra si adresse etter reglane i kap. 2. Delt bustad ligg føre når elevar bur like mykje hos kvar av foreldra og dette er skriftleg dokumentert.

Eleven har ikkje rett til fri skoleskyss i samband med vanleg samværsordning. Dette gjeld også ved utvida samvær.

KOMMENTAR:

Det må føreligge dokumentasjon på at eleven bur tilnærma like mykje hos begge foreldra. Dette må vere underteikna av begge føresette.

Delt bustad må ikkje forvekslast med utvida samværsordning.

Bur eleven i to kommunar er det kommunen med opplæringsansvaret som og har ansvar for å organisere og betale skyssen.

7.3 Barn i asylmottak

Skoleskyssreglementet:

Elev som bur i asylmottak har rett til fri skoleskyss etter reglane i kap. 2 når eleven mottar grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2-1. Asylmottaket blir rekna som eleven sin heim.

7.4 Elevar i fosterheim

Skoleskyssreglementet:

Elevar som bur i fosterheim har rett på fri skoleskyss etter reglane i kap.2. Fosterheimen blir rekna som eleven sin heim. Dersom fosterheimen ligg i ein annan kommune enn skolen, er omsorgskommunen ansvarleg for å dekke persontaksten. Omsorgskommunen er den kommune som har fatta vedtak om at eleven skal i fosterheim.

KOMMENTAR:

Når eleven bur i fosterheim blir eleven sin nærskole definert til å vere den skolen som ligg nærmast fosterheimen. Vedtak om varig plassering skal dokumenterast før skyssrett som fylkeskommunen er ansvarleg for blir innvilga. Skyss i samband med mellombelse plasseringar til dømes ved barnevernsinstitusjonar fell utanfor fylkeskommunen sitt skyssansvar etter opplæringslova.

7.5 Elevar i avlastning

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Brev frå KUF til Statens Utdanningskontor i Buskerud datert 02.08.95).

Elevar som i følge kommunalt enkeltvedtak har fått innvilga avlastning har rett på fri skoleskyss etter reglane kap. 2. Avlastningsheimen blir rekna som eleven sin heim dei dagane eleven er på avlastning. Dersom avlastningsheimen ligg i ein annan kommune enn eleven sin heimkommune er eleven sin heimkommune ansvarleg for å dekke persontaksten.

Kopi av enkeltvedtaket om avlastning må leggjast ved søknaden om skyss til/frå avlastningsheimen.

KOMMENTAR:

Private avtalar om avlastning hos venner/familie, opphald hos støttekontakt og liknande fell utanfor fylkeskommunen sitt skyssansvar etter opplæringslova. Det er berre avlastning innvilga av kommunen, etter enkeltvedtak, som gir rett til slik skoleskyss.

7.6 Elevar med fleire bustader i løpet av eitt år.

Skoleskyssreglementet:

Elevar som har fleire faste bustader i løpet av skoleåret har rett på skoleskyss dersom vilkåra for skyss elles er tilstades. Dersom bustaden berre har funksjon som ein sommar- eller fritidsbustad har eleven ikkje krav på skyss.

8. Eleven sin skole

8.1 Nærskolen

Skoleskyssreglementet:

Kommunen avgjer kva skole eleven høyrer til. Elevar soknar i utgangpunktet til den skolen som ligg nærmast heimen. Det kan likevel søkjast kommunen om høve til å gå på ein annan skole enn nærskolen. I slike tilfelle har vedkomande ikkje rett på fri skoleskyss etter reglane i kap. 2.

Elevar som går på ein annan skole enn nærskole på grunn av fritt skoleval fell utanfor fylkeskommunen sitt skyssansvar etter opplæringslova, sjølv om avstanden mellom heim og skole er over 2/4 kilometer.

Tilrettelagt undervisningsopplegg kan gje rett til skyss sjølv om den er lagt til andre skoler enn eleven sin nærskole.

8.2 Skoleval

Skoleskyssreglementet:

Elevar som flyttar til ein annan bustad i løpet av skoleåret og som vel å gå på den tidlegare nærskolen har ikkje rett på fri skoleskyss.

I særskilte tilfeller kan fylkeskommunen/kommunen likevel innvilge rett til skyss.

KOMMENTAR:

Når kommunen gjer vedtak om å innvilge ein annan skoleplass enn nærskolen etter fritt skoleval gjeld ikkje reglane i opplæringslova om skyss. Kommunen kan velje å lage egne reglar om dette.

Eleven kan i særskilte tilfelle få innvilga rett til skyss til ein annan skole enn nærskolen. Dette gjeld til dømes elevar som får vedtak om spesialundervisning ved ein annan skole enn nærskolen. Elevar som søker til annan skole enn nærskolen av andre grunnar har ikkje rett på skyss. Til dømes ved adresseendring til ny skolekrins og ein ønskjer at eleven skal fortsetje på "gamleskolen".

8.3 Skyss til andre skolar enn eleven sin nærskole

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen er ansvarleg for skyss av elevar som i følge enkeltvedtak får spesialundervisning på annan skole enn nærskolen.

8.4 Mellombels undervisning i andre lokale enn skolen

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen er ikkje ansvarleg for å organisere skyss i dei tilfella der undervisninga mellombels blir lagt til andre lokale enn skolen.

I særskilte tilfeller kan fylkeskommunen/kommunen likevel innvilge rett til skyss.

8.5 Undervisning fleire stader

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Merknadar frå Ot prp nr. 46 1997-98 til §7-1)

Skyss mellom undervisningsstader i skoletida må dekkast av kommunen. Dette gjeld og undervisning lagt utanfor skolen sitt geografiske område.

KOMMENTAR:

Regelen om skyss mellom ulike undervisningsstader i skoletida gjeld både funksjonsfriske og funksjonshemma elevar som treng skyss til eit aktivitetstilbod utanfor skolen (t.d. bading, dagsenter). Undervisning lagt til andre stader enn skolen, som til døme gardsundervisning, er ikkje fylkeskommunalt ansvar.

9. Skysstandard

9.1 Planlegging av skyss

Opplæringslova § 13-4, andre ledd:

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen.

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen må ha rimeleg tid til å planlegge og iverksetje skyssen. Dette inneberer at søkjarar må akseptere at det kan ta noko tid før skysstilbodet blir sett i gang.

Elevar og føresette har saman med skole, kommune og fylkeskommune eit ansvar for at val av transportmiddel blir avklart raskast mogleg etter inntak. Mellombelse løysingar som blir iverksett ved skolestart er verken bindande eller førande for det endelege vedtaket om skoleskyss.

Fylkeskommunen skal organisere eit skyssopplegg som er rasjonelt og økonomisk forsvarleg. Fylkeskommunen kan avgjere at fleire elevar må nytte det same skyssmiddelet.

Val av transportmiddel må vere avklart med fylkeskommunen før skyssen tar til.

9.2 Akseptabel gangavstand til transportmiddel

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1).

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskilt skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskilt skyss på denne strekninga.

Det er ein føresetnad at vilkåra om gratis skoleskyss i pkt. 2.1 er oppfylt.

KOMMENTAR:

Elevar som har over 1.000 meter/ 2.000 meter til busshaldeplass målt etter kortaste farande veg kan søkje om særskilt skyss på denne strekninga. I vurderinga av søknaden blir det lagt vekt på desse momenta:

- ♦ avstand
- ♦ framkomst på veg (t.d. skilnad mellom vinter- og sommarføre)
- ♦ kostnad ved særskilt skyss

Særskild skoleskyss blir samordna i størst mogeleg grad. Ein må rekne med å måtte følgje fastsette hentetider, og ta seg fram til ein oppsamlingsplass. Dette gjeld og skyss som blir utført med drosje. Ein må og pårekne at det kan skje endringar i skyssen i løpet av skoleåret som følgje av samkøyring eller endra organisering.

9.3 Akseptabel reisetid

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1)

Skoleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei akseptabel reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.

KOMMENTAR:

I handsaminga av søknad blir det lagt vekt på desse momenta:

- ♦ kvar eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- ♦ rasjonell organisering av skyssen
- ♦ kor stor del av reisetida er på transportmiddel.

Elevar som går på ein annan skole enn nærskolen og som har lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. Til dømes gjeld dette elevar på privatskolar med lang reiseavstand.

9.4 Reisefølgje og tilsyn

Opplæringslova § 7-4:

Elevane har rett til nødvendig reisefølgje. Elevane har og rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisninga tar til og etter at undervisninga er slutt og i samband med overgang mellom transportmiddel.

Opplæringslova § 13-4:

Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne.

Skoleskyssreglementet:

(Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-4)

Elevar har rett til reisefølgje dersom dette er nødvendig for å kunne gjere seg nytte av det skyssstilbødet som er tildelt.

Elevar har også rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisninga tar til og etter at undervisningstida er slutt.

Kommunen har avgjerdsmynde og økonomisk ansvar for reisefølgje/tilsyn.

Kommunen si plikt til tilsyn kan i enkelte tilfelle omfatte tilsyn i samband med bytte av transportmiddel undervegs. Kommunen har òg tilsynsplikt med funksjonshemma elevar under transporten, dersom dette blir vurdert som nødvendig.

KOMMENTAR:

Søknad om reisefølgje og tilsyn må sendast til kommunen.

Transport av reisefølgje gjeld på same strekning som eleven. Dersom skolen/kommunen ønskjer transport utover dette må det avtalast særskilt med transportør.

10. Reglar for bruk av skolereisekort

10.1 Generelle reglar

Skoleskyssreglementet:

Alle elevar som blir innvilga fri skoleskyss, og som nyttar offentleg transport, får tildelt eit skolereisekort. Korta er tilpassa skoleruta.

Skolereisekorta gjeld for eit skoleår med følgjande avgrensingar:

- ♦ *Korta kan nyttast til 2 reiser pr. skoledag med ev. omstiging.*
- ♦ *Korta er gyldige mellom kl. 05.00 og kl. 19.00.*
- ♦ *Korta er sperra for reiser i helgar og feriar.*
- ♦ *Korta gjeld for maksimalt 190 skoledagar.*

10.2 Tap av skolereisekort

Skoleskyssreglementet:

Melding om tapte og øydelagde kort skal gå gjennom skolen til Skyss, sjå www.skyss.no/skoleskyss. Eleven vil få nytt kort frå skolen.

11. Informasjonsplikt

Skoleskyssreglementet:

Kommunen/skolen og fylkeskommunen har plikt til å informere elevane om skyssrettane deira.

Elevane og føresette har plikt til å gi kommunen og fylkeskommunen den informasjonen som er nødvendig for at det kan fattast vedtak i saka. Dette gjeld t.d. opplysningar om eksisterande skystilbod og gangveggar.

KOMMENTAR:

Fylkeskommunen informerer kommunane om gjeldande regelverk. Kommune/skole har ansvar for å informere elev/føresette om gjeldande regelverk.

12. Om vedtak og klagerett

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen og kommunen sine avgjerder om elevane sin rett til fri skoleskyss er enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Vedtak om fri skoleskyss gjeld for inntil eitt skoleår om gangen.

Vedtaket om fri skoleskyss kan påklagast etter forvaltningslova kap. VI. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen eleven mottok melding om vedtaket. Fylkesmannen i Hordaland si utdanningsavdelinga er i følgje opplæringslova klageinstans.

13. Økonomisk ansvar

13.1 Fordeling mellom fylke og kommune.

Skoleskyssreglementet:

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og finansiere skoleskyss på grunnlag av avstand og på grunnlag av varig funksjonshemming og mellombels sjukdom eller skade.

Kommunane har fullt økonomisk ansvar for skoleskyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg, når avstanden heim – skole er under 2/4 km, og har fullt økonomisk ansvar for tilsyn og reisefølge i samband med all skoleskyss. Utover dette omfattar kommunen sitt økonomiske ansvar gjeldande persontakst etter pris for barnebillett på den aktuelle strekninga.

Dersom det opprettast skyss der det alt er eit akseptabelt rutetilbod må kommunen dekkje heile kostnaden. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskolebarn og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Kommunen har heile det økonomiske ansvaret for skyss av førskolebarn.

Dersom avstanden til skolen er under minstegrensa (jfr. punkt 2), men eleven likevel blir innvilga skyss av kommunen må kommunen dekkje heile kostnaden.

KOMMENTAR:

Innmeldinga om skyssbehov til Skyss er å sjå på som ei bestilling for kvar undervisningsdag heile skoleåret. Ved utrekning av kommunen sin del av kostnadene (persontakst) er det denne bestillinga som blir lagt til grunn. Kommunen kan soleis ikkje trekkje frå for dei dagane elevane ikkje nyttar skyssen.

DEL 3: SKJEMA SOM SKAL NYTTAST

Nr. Skjema:	Merknad:
13 Legeerklæring	Skal fyllast ut av lege/psykolog/psykiater ved varig eller mellombels skade/funksjonshemming.
6 Refusjon av utgifter til skoleskyss	Skal nyttast når føresette/elev har hatt utgifter i samband med skoleskyss, t.d. privat skyss.*

Eigne kommentarar:

**LEGEERKLÆRING**

frå lege eller behandlande psykolog/psykiater

Behov for skoleskys grunna funksjonshemming/skade**BRUK BLOKKBOKSTAVAR / SKRIV TYDELEG**

ELEV:		
Etternamn, fornamn		Født
Adresse (evt. namn på stad)	Postnr.	Poststad
SKOLE:		
Skole	Klasse	Kommune
FUNKSJONSHEMMING:		
Diagnose:		
Skildring av funksjonshemming:		
Samferdselsavdelinga sendar legeerklæringar vidare til ei uavhengig legenemnd for vurdering		
TRANSPORTBEHOV:		
<input type="checkbox"/> Buss	frå og med dato	til og med dato:.....
<input type="checkbox"/> Bil/drosje	frå og med dato	til og med dato:.....
<input type="checkbox"/> Spesialbil/-drosje	frå og med dato	til og med dato:.....
Strekning:		
Eleven har behov for transport	<input type="checkbox"/> mellom heim og skole	<input type="checkbox"/> mellom heim og busshaldeplass
Varighet:		
Funksjonshemminga er	<input type="checkbox"/> midlartidig	<input type="checkbox"/> varig. Transportbehovet vil vare i skoleår (maks 5 år)
Elevens transport:		
Kan gå med følgjeperson	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Kan ta buss med følgjeperson	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Kan samkøyrast med andre	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei (må dokumenterast om ikkje)
Må sitte framme i bil/drosje	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Må sitte bak i bil/drosje	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Må ha tilsyn/følgje under transporten	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Brukar rullestol	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei Rullestolen kan leggjast saman: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Dato og stad	Lege/psykolog si underskrift og stempel	Telefonnummer

LEGEERKLÆRINGA SKAL SENDAST TIL SKOLEN

**REFUSJON AV UTGIFTER TIL SKOLESKYSS****BRUK BLOKKBOKSTAVAR / SKRIV TYDELEG****ELEV:**

Etternamn, fornamn		Født
Adresse (evt. namn på stad)	Postnr.	Poststad

SKOLE:

Skole	Klasse	Kommune
-------	--------	---------

SKYSS:

Skyssen er godkjend av samferdselsavdelinga, dato		Skyssen har samband med skade/sjukdom <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Skyssperiode Frå dato:	til dato:	Strekning Frå stad:	til stad:
Km <u>ein</u> veg	Totalt kjørte km.	Turar pr. dag <input type="checkbox"/> Morgon <input type="checkbox"/> Ettermiddag	Tal på passasjerar

Skyssbehovet har vore mellom

Heim - skole Heim - praksisstad

Heim - busstopp

Utplasseringsstad:

Bedrift namn:

adresse:

postnr./stad:

SKYSSMIDDEL:

Offentlig skyss <input type="checkbox"/> Buss <input type="checkbox"/> Tog <input type="checkbox"/> Båt	Privat skyss <input type="checkbox"/> Eigentransport <input type="checkbox"/> Sit på med skyssutøvar som skal same veg <input type="checkbox"/> Sit på med skyssutøvar som køyrer eins ærend
--	---

REFUSJON:

Kvitteringar for buss/tog/ferje/bompengar/anna skal leverast saman med dette refusjonskravet til skyssansvarleg på skolen. Berre dokumenterte utgifter vert refundert.

Skoledagar i perioden (evt. utplasseringsdagar)
 - fråværsdagar
 = skyssdagar x kjørte km pr. dag x km sats kr. = kr
 eller x fast avtalt pris, kr..... = kr

Kvitteringar frå offentlig transport kr

Sum totalt kr

Dato og stad	Skyssansvarleg attesterer for at opplysningane er korrekte
--------------	--

PENGANE SKAL UTBETALAST TIL:

Namn	Kontonummer
Adresse (evt. namn på stad)	Postnr.
	Poststad

ANVISING (utfylles ved samferdselsavdelinga)

Kr:	MVA: 5N00	RE: 10	Sted: 300	Art: 1 1710	Att.:
Dato og stad		Anvist av			

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900 – 5020 Bergen
Tlf: 55 23 93 63 – Telefaks: 55 23 93 59
E-post: samf@post.hfk.no
Internett: www.hordaland.no/skoleskyss